

GODE VILKÅR FOR SKOGREISING I FJELLBYGDENE.

Etter det byråsjef Toralf Austin i Landbruksdepartementet kan fortelja er skogreisinga i fjellbygdene komi i godt gjenge. Dei fjellbygdene i Sør-Norge som har skikka plantemark, og som har ordna med beitetilhøva slik at ikkje plantingane blir øydelagde, får nå 50 % statsstønad. I tillegg til dette kan kommunane yta 25 % tilskot slik at stønaden blir den same som i stroka under skogreisingsplanen for Vestlandet.

Dei fjellbygdene som nå får 50 % statsstønad er: Sørli, Nordli og Røyrvik i Nord-Trøndelag, Røros, Røros landsogn, Glåmos og Brekken i Sør-Trøndelag og Bykle i Aust-Agder. Dessutan har skogdirektøren nyleg godkjend ein skogreisingsplan på 64.000 dekar for Kvikne, Tynset, Tolga og Os i Hedmark, der det og vil bli gitt 50 % stønad. Dette er eit område med svært god skogreisingsmark, som for det meste er tilvaksen med bjørkeskog. Denne planen er utarbeidd av fylkesskogmeister Steen-Johnsen.

Ei rekke bygder får førebils berre 1/3 statsstønad fordi beitetilhøva ikkje er ordna endå. Det gjeld Rennebu, Haltdalen og Soknedal i Sør-Trøndelag, Lesja, Vågå, Lom, Skjåk og Vang i Oppland, Ål, Gol, Hemsedal, Nore, Uvdal og dertil Heggedal sogn, Sigdal i Buskerud og Rauland i Telemark.

Byråsjef Austin sa vidare at det trengs plantar av kraftige proveniensar, for det vil ikkje nytta med låglandsplantar så pass høgt over havet. Men bortsett frå i år reknar han med at det vil kunna skaffast nok plantar.

Ved utarbeidinga av skogreisingsplanane for fjellbygdene har den forsøksverksemda som har vori drivi i desse stroka vori til uvurderleg hjelp. Nå er det berre å vona at nyplantingane kan få stå i fred for beitedyra og at det kan bli avsetnad på ved etter kvart som bjørka blir rydda ut.

LOT

NY SEKRETÆR I MYRSELSKAPET.

Det norske myrselskaps styre har ansatt sivilagronom Einar Wold som sekretær i Det norske myrselskap.

Einar Wold er født 4/6—1928 i Hedrum, men har vokst opp i Asker. Etter realartium har han gjennomgått agronomlinjen og forvalteravdelingen ved Vinterlandbruksskolen i Oslo. Han ble uteksaminert fra Norges Landbrukshøgskole i 1956. Wold har en allsidig jordbrukspraksis både ved en rekke norske gårdsbruk og fra U.S.A., hvor han arbeidet 3/4 år på flere farmer i 1951. Han deltok samtidig — med Marshallstipendium — i flere jordbrukskurser ved universitetet i Minneapolis. Han har også gjennomgått Landbruksteknisk Instituttets 3 måneders maskinkurs og — som agronom — har han arbeidet som instruktør i behandling av landbruksmaskiner ved Akershus landbruksskole. Fra juni 1956 har han vært knyttet til Myrselskapet som assistent ved myrundersøkelsene.